



Til:
Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Kopi:
Forvaltningssekretariatet SVR v/Alf Odden
Villreinlagene
Fylkesmennene og fylkeskommunane i Rogaland, Hordaland, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder

DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	2012/660 - 11	Jørn Trygve Haug	000	21.11.2013

Oppsummering frå møte i villreinnemnda 14. november 2013

09.00 – 12.00 Fellesmøte mellom villreinlaga, villreinnemnda og SNO.

Erfaringa frå jakta i år v/Reidar Sandal, SNO.

Sandal presenterte erfaringar og statistikk frå villreinjakta og oppsyn i 2013. Sjå presentasjon som ligg ved (vedlegg 1).

Tal på felte dyr v/Jørn Haug, sekretær villreinnemnda

Det vart gjeven ein oversikt over dette men framleis mangla ein monaleg mengde rapporteringar. Haug sender ut fullestendig oversikt når alt har komen inn.

Setesdal Austhei villreinlag v/Svein Ekre

- Vellukka strukturteljning vart gjennomført i år. Resultata vert lagt ut på villreinlaget si heimeside; <http://savl.no/>.
- Ny 5-årig bestandsplan skal utarbeidast. Ser føre seg å før vidare hovudtrekka i gjeldande plan.
- Stort trykk frå nye jegerar. Ei utfordring å serve alle på ein god måte.

Setesdal Ryfylke villreinlag v/Kristian Steine

- Kalveteljninga i år syner ein nedgang i tal kalv pr. 100 simle; frå 46 i 2012 til 42 i 2013. Kan skuldast ein relativt hard vinter 2012/2013. Sjå vedlegg 2.
- Teljinga synte 20% bukk i nordområde og 19% i sør. Informasjon om teljingar vert lagt ut på villreinlaget sin heimeside; <http://villreinlag.no/>
- Det vert arbeida med ny bestandsplan. Arbeidet er innlemma i det nye villreinprosjektet. Målsetting er mellom anna auka del bukkar til 25%. Det må difor ventast færre frie kort dei neste åra. Vidar vert det lagt opp til å auke kvota i nord-områda. I sør-områda er det ønskjeleg å auke bestanden. Forslag til bestandsplan vert sendt lokallaga kring nyttår for uttale. Handsaming på årsmøtet samt i villreinnemnda til våren.

Eventuelt

Mangelfull utfylling av kort og for sein rapportering er eit stadig tilbakevendande problem.

Moglege tiltak vil vera:

- Betre informasjon om utfylling av kort og sanksjonsmoglegheiter ved utsending av fellingsløyver frå villreinnemnda. Presisere at korrekt utfylling og rapportering er viktig for forvaltningsarbeidet. For neste år må og informasjonen om kor kjevar kan leverast bli betre.

Tunnelløysing på veg over Haukeli vart teken opp. Fleire er uroleg for at val av tunnelløysing allereie er gjort og at denne vil gi liten eller inga betring av trekkmoglegheita mellom HV og SR. Sekretær i villreinnemnda informerte om brev som er sendt Statens vegvesen og råka kommunar der det er gjort merksam på problemstillinga. Ytterligare oppfølging må vurderast frå villreinnemnda sin side.

Status for det nye villreinprosjektet v/Tor Punsvik, FMVA

Sjå presentasjon som ligg ved (vedlegg 3).

13.00 – 15.30 Møte i villreinnemnda

Økonomien i villreinnemnda

Tor Punsvik informerte om stoda. Det ligg an til eit overforbruk på sekretærstillinga. Nemnda har ei offensiv satsing i høve til å vera tidleg inne i tyngre saker, ikkje minst innan overordna planlegging og vasskraftsaker. Dette er ressurskrevjande. Overforbruket vil vera innafor nemnda si totalramme, men det vil truleg vera lite midlar å føre inn i det nye villreinprosjektet slik praksisen har vore dei siste åra.

Arbeidet med ny forvaltningsplan for verneområda v/Alf Odden, forvaltningssekretariatet SVR

Alf Odden orienterte om arbeidet med revidering av forvaltningsplanane. Sjå vedlegg 4. Tar gjerne i mot innspel til utkastet som ligg føre (vert sendt ut av sekretær seinare). Odden presiserte at utkastet er utforma av verneområdeforvaltaren med utgangspunkt i gjeldande planar og praksis. Utkastet er ikkje handsama av verneområdestyret.

Revisjon av vilkår i vasskraftkonsesjonane v/Jørn Haug, sekretær i villreinnemnda

Ei rekke konsesjonar forfell til revisjon dei komande åra. Viktig at villreinnemnda er på banen i desse sakene. Omsyn til villrein er løfta fram i den nasjonale gjennomgangen som er gjort av revisjonssaker som skal prioriterast. Medlemmane i villreinnemnda oppmoda om å følgje med i eigen kommune slik at villrein kjem på dagsorden ved krav om revisjon. Sjå vedlegg 5.

Gjennomgang/oppsummering av saker handsama i arbeidsutvalet i 2013 v/Jørn Haug

Haug summerte opp mengde saker og kva saker som er prioritert. Sjå vedlegg 6. Ut frå ressursane til sekretærstillinga er det ei utfordring å følgje opp tunge saker knytt til overordna planlegging, vasskraft mv. samstundes som villreinnemnda skal vera ein høyringsinstans i ei rekke mindre saker knytt til dispensasjonar for nybygg av enkelthytter og tilbygg.

Prioritering av saker vart drøfta i villreinnemnda men vanskeleg å meisle ut ein eventuell ny praksis utan at eit konkret forslag til prioritering ligg føre. Likevel semje om at villreinnemnda ikkje treng å få byggesakene i verneområdet til uttale. Unntak vil vera heilt spesielle saker av prinsipiell karakter.

Med helsing

Jørn Trygve Haug
sekretær

Vedlegg:

1 Vedlegg 1-6